



Detaljregulering, del av gnr. 19, bnr. 11, 12 og 28 m. fl.

TEIGABERGET - RINDARANE

FRÅVIKSSØKNAD

Vedlegg 3 Orientering om fråvik

Fråvikssøknad for kryss på fv49 (tidlegare fv7) ved Teigabergtunnelen på Kvamskogen.**Samandrag**

Med denne fråvikssøknaden ønskjer me å oppnå fråvik frå pkt D10 i N100 med omsyn til avstand til tunnelmunning. Kravet i D10 er: «*Avstand fra tunnelåpning til midtpunktet av forkjørregulerte T- og X- kryss skal være minst 2 ganger stoppsikt*»

Om ein baserer seg på 80 km/t vert stoppsikt på 115 m, dvs avstand på 230 meter.

Me ønskjer at det vert nytta redusert stoppsikt tilpassa til redusert fartsgrense slik det no er forslag om i sak under handsaming .

Innhald i og grunngiving for søknaden

Det er utarbeidd forslag til reguleringsplan for planområdet Teigaberget-Rindarane vest på Kvamskogen. Forslaget er i tråd med kommunedelplanen for Kvamskogen vedteken i 2011. Planforslaget har vore til høyring og offentleg ettersyn.

Ved høyring av reguleringsforslaget i august 2018 har Statens vegvesen varsla motsegn til planen grunngitt med omsyn til:

- Krav til avstand frå tunnelmunning til kryss.
- Krav til avstand på 20 meter frå midte Fv. 7 til næraste parkerte bil.
- Krav til byggegrense på 50 meter for byggeområde.
- Forholda for dei mjuke trafikantane er ikkje vurdert i framlegg til plan og ROS-analysen.
- Det er lagt opp til at gang- og sykkelveg skal nyttast som tilkomstveg for om lag 190 fritidsbustadar.

Fylkesmannen har innarbeidd motsegna i samordna uttale til planforslaget.

Nærare om motsegnspunkta

- Krav til avstand frå tunnelmunning til kryss.
Dette punktet er knytt til krav om fråvik frå handbok N100. Fråvikssøknad frå pkt D10 i handboka er omhandla i denne sendinga med vedlegg.
- Krav til avstand på 20 meter frå midte Fv. 7 til næraste parkerte bil.
Dette punktet er ikkje knytt til fråvikssøknad og vert ikkje nærare kommentert her. Det vert vurdert i den ordinære gjennomgangen av merknader til reguleringsplanen.
- Krav til byggegrense på 50 meter for byggeområde.
Dette punktet er ikkje knytt til fråvikssøknad og vert ikkje nærare kommentert her. Det vert vurdert i den ordinære gjennomgangen av merknader til reguleringsplanen.
- Forholda for dei mjuke trafikantane er ikkje vurdert i framlegg til plan og ROS-analysen.
Omsynet til gang- og sykkeltrafikk er gjennomgått i ROS-analysen, vedlegg 5 til fråvikssøknaden. Det vert elles vurdert i den ordinære gjennomgangen av merknader til reguleringsplanen.
- Det er lagt opp til at gang- og sykkelveg skal nyttast som tilkomstveg for om lag 190 fritidsbustadar.

Dette punktet er ikkje knytt til fråvikssøknad og vert ikkje nærare kommentert her. Det vert vurdert i den ordinære gjennomgangen av merknader til reguleringsplanen.


Planen er utarbeidd av Geoplan AS på vegne av Teigaberg AS og grunneigarane.

Det er eit ynske frå dei som fremjar planen at det vert søkt om fråvik frå aktuelt punkt i N 100.

Nærare om fråvikssøknaden

Denne fråvikssøknaden er utarbeidd av Geoplan AS på vegne av Teigaberg AS og grunneigarane.


Siviling. Svein Steine har bistått Geoplan i arbeidet.



Situasjonskart av kryssområde fv49 (tidlegare fv7) ved Teigabergtunnelen

Eksisterande kryss ligg ca 105 m frå tunnelmunning. Reguleringsforslaget viser flytting av krysset til ca 120 m frå tunnelmunning.

Geoplan har utarbeidd søknad om fråvik der krysset vert utforma som i forslag til reguleringsplan for Teigaberget-Rindarane. Det er denne utforminga av krysset det vert søkt om godkjenning for.



Utsnitt av reguleringsforslag for kryssområde

Søknaden om fråvik frå handbok N100 er sett opp i tråd med brukarretteiing frå Statens vegvesen. Med søknaden følgjer 13 vedlegg. I søknadmaterialet er det somme stader referert til fylkesveg 7 og andre stader til fylkesveg 49. Dette skuldast omnummerering av fylkesvegen i den perioden materialet er utarbeidd.

Søknaden er grunnlagt bl a med

- Løysinga er i tråd med gjeldande kommunedelplan og gjeldande reguleringsplan
- Fv49 har veldig varierende standard mellom Hardanger og Trengereid. Det er ikkje naturleg å stilla mykje høgare krav til standard ved Teigabergtunnelen enn andre stader.
- Uavklart situasjon for fv49 i området, ventar på kdp for rassikring Tokagjelet. Naturleg å venta på kdp før endringar av dagens vegløyning vert regulert.
- Kryssområdet er ikkje eit ulykkesutsett område
- ROS-analysen dokumenterer ikkje tryggleiksmessig nytte med å flytta krysset
- Kalkyle/anslag tyder på eit unødig kostbart anlegg utan synleg dokumentert samfunnsnytteverdi
- Ei mindre flytting av krysset, slik det går fram av reguleringsforslaget, med oppstramming av geometri og fjerning av nokre avkjørsler nær kryssområdet og fjerning av parkering vil gi ei betre utforming og ein klarare trafikksituasjon i krysset.
- Eit viktig avbøtande tiltak er forlenging av sone med nedsett fartsgrense som i dag stoppar i Eikedalen. Slik forlenging er tilrådd både i trafikkanalyse utarbeidd i samband med kommunedelplan for Kvamskogen (Sweco, 2011) og i rapporten Vurdering av tryggleik ved sykling i tunnelane på fv7 mellom Trengereid og Norheimsund (Statens vegvesen, 2018).

Statens vegvesen har nyleg lagt fram forslag om reduksjon av fartsgrense for fv49. Forslaget er under behandling.